

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen  
Arkivsaksnr.: 17/185 - 34

Arkiv: 614 A

---

### Planlagt behandling:

Formannskapet 04.06.2018

Kommunestyret 18.06.2018

## VERTSKOMMUNEAVTALE OM FELLES UNGDOMSSKULE OG IDRETTSHALL FOR KLEPP OG TIME I VARDHEIA

### SAKA GJELD

Godkjenning av avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om felles ungdomsskule og idrettshall med Klepp kommune. Time kommune er vertskommune for samarbeidet, medan Klepp kommune er samarbeidskommunen. Saka blir og lagt fram i Time kommunestyre 19. juni.

### SAKSOPPLYSNINGAR

Som del av sak om utbygging av ny felles ungdomsskule mellom Klepp og Time kommune er det utforma avtale om administrativt vertskommunesamarbeid med formål om å regulera samarbeidet om verksemda. Fastsetting av namnet på skulen og idrettshallen skal opp som sak i Lokal utvikling i Time 14. juni. Av den grunn er nemninga «xxx» brukt midlertidig i avtalen som til endeleg vedtak er fatta.

Vedlagt ligg utkast til administrativ vertskommuneavtale som må godkjennast av kommunestyret.

Avtalen omhandlar mellom anna kva oppdraget for Time kommune omfattar, oppdraget si avgrensing, innhald i sameige og økonomiske forhold knytt til drift ved skulen. Avtalen regulerer og økonomiske forhold knytt til investering og drift av idrettshallen. Det er føreslått at eit eventuelt overskot på drifta skal setjast på disposisjonsfond, mens eit eventuelt underskot for skulen skal dekkjast av disposisjonsfondet. Dersom disposisjonsfondet ikkje er tilstrekkeleg til å dekkja underskotet, vert resterande del overført til neste års budsjett. Rådmennene i deltakarkommunane kan bestemma at underskot som ikkje kan dekkast av disposisjonsfondet, skal fordelast mellom eigarkommunane. Denne fordelinga skal skje etter sama modell som finansieringa. Bruk av fondet skal godkjennast av rådmennene i deltakarkommunane.

Samarbeidet vert inngått i form av administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 28-1b.

### VURDERING

Forslag til innhald i avtalen om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Klepp kommune og Time kommune om felles ungdomsskule og idrettshall har vore til gjennomsyn i Klepp kommune. Innspel til avtalen er innarbeidd i forslaget som ligg føre.

### KONKLUSJON

Rådmannen tilrår kommunestyret å godkjenna utkastet til vertskommuneavtale for samarbeidet om felles ungdomsskule og idrettshall med Time kommune.

**Vedlegg:**

Vertskommuneavtale om felles ungdomsskule og idrettshall for Klepp og Time i Vardheia.

**Innstilling:**

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Klepp kommunestyret godkjenner utkastet til vertskommuneavtale for samarbeidet om felles ungdomsskule og idrettshall med Time kommune.

Rådmannen i Klepp 23.05.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*